

Etnedal kulturskule har som mål å vera eit ressursenter i bygda, fyrst og fremst som eit tilbod til born og unge frå 1. klasse og oppover. Musikk og kultur skapar positive sosiale relasjonar. I kulturskulen får elevane undervisning i ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom kreativ læring og oppleving, og dei kan oppdage og utforske nye sider ved seg sjølv. Kulturskulen ynskjer å formidle verdien i opplæring på kulturfeltet som kunstforståing og ei dannelsesreise for den enkelte elev. Og me likar å danse og spela konsertar og vise fram kunst!

Undervisninga følgjer skuleruta og skjer på skulen i egne lokale enkeltvis eller i grupper fortrinnsvis etter skuletid måndag, tysdag og torsdag. Tidspunkt for timane blir avtala med kulturskulen ved starten av skuleåret. Lengda på undervisninga kan variere etter elevens behov og etter gruppestørrelse. Noko av undervisninga blir også gitt i form av seminar og fellessamlingar. Me har felles lærarar med fleire av våre nabokommunar, noko som opnar for samarbeid over kommunegrensene.

Me tek berre i mot påmeldingar på nettet. Treng du hjelp til dette, ta kontakt med servicekontoret i Etnedal kommune.

NB! Elevar som alt har ein plass i kulturskulen, treng ikkje å registrere seg på nytt.




Velkomen til eit kreativt og levande miljø!



noetnedal.speedadmin.dk/tilmelding
Skuleåret 2026-27

“Musikk og kultur
skapar positive
sosiale relasjonar!”



**ETNEDAL
KULTURSKULE**

Skuleåret 2026-27

Kontaktperson i kulturskulen

Lars Erik Haugerud (rektor)

lars.erik.haugerud@etnedal.kommune.no

Tlf:47632825

Elevkontingent pr semester

Individuell song- og instrumentundervisning 1810,-
Individuell song- og instrumentopplærertilbod, vaksne 3620,- Kunstfag inkl. materiell 1240,- Utvida speletime 1025,-

Instrumentutleige

Kulturskulen har nokre instrument til utleige: langeleik, hardingfele, fiolin og toradar. Pris for leige er kr 455 pr semester.

Hvem underviser?

Juliana Okstad (fiolin)

Arne Nygård (gitar, bassgitar, ukulele, band, popsong, slagverk)

Sergio Okstad (piano, keyboard, kyrkjeorgel)

Lars Erik Haugerud (kunstag)

Tore Espeset (Toradar)

Ved stor søkning til enkelte instrument og tilbod, kan eleven bli satt på ei venteliste. Dersom det er ledige elevplassar, opnar me for at vaksne kan melde seg som elevar, men då til dobbel pris.

Undervisningstilbod

2026-27

- **Piano** • **Keyboard** •
- Kyrkjeorgel** • **Fiolin** • **Gitar** •
- Bassgitar** • **Ukulele** • **Popsong/**

band/ samspel

• Slagverk • Kunstfag

• Torader *(undervisning på Fagernes)*

Det blir tilbod om barnekor til høsten!

Andre tilbod

Teorikurs, enkel musikkforståing for nybyrjarar, elevar og foreldre.

Valdresstrykerne, samspel/orkestre på fleire nivå ope for alle strykeelevar i Valdres. Øvingar på Fagernes.

FolkemusikkUNG, ekstra gratistilbod til folkemusikk-elevar. Samlingar på Valdres folkemuseum ein gong i månaden og enkelte laurdagar. Sjå FB-sida for datoar.

Individuell instrumentopplæring for vaksne. *(Dersom det er ledige plassar.)*

Kor og korps

Koret og korpset i Etnedal er for ungdom og vaksne, og dei er ein del av kulturskulen. Ta gjerne kontakt dersom du er interessert i å vera med:

Bruflat songkor Kontaktperson Hege Rotnes Tlf 469 65 670

Bruflat musikklag Dirigent Lars Erik Haugerud
Kontaktperson Åge Kleven Tlf 957 97 299 Øving er tysdagar på Moajordet.

